

## **TYSVÆR KONTROLLUTVAL**

### **PROTOKOLL**

Tysdag **21. september 2021** blei det halde møte i Tysvær kontrollutval under leiing av utvalsleiar Ola S. Apeland.

<b>MØTESTAD:</b>	Tysvær rådhus, kantina
<b>MØTESTART/-SLUTT:</b>	kl. 18.00 – kl. 19.15
<b>MØTANDE MEDLEMMER:</b>	Ola S. Apeland (H), Karsten A. Larsen (FrP), Emly Årvik (A) og Svein Terje Brekke (KrF)
<b>MØTANDE VARAMEDLEM:</b>	Lars Birger Baustad (H)
<b>FORFALL:</b>	Marit Gjedrem Hølland (Sp)
<b>FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:</b>	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
<b>FRÅ ROGALAND REVISJON IKS MØTTE:</b>	Statsautor. revisor Deanne Kvammen
<b>FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:</b>	Rådmann Sigurd Eikje Økonomisjef Meike Baumgart
<b>MERKNADER TIL INNKALLING:</b>	Ingen
<b>MERKNADER TIL SAKSLISTE:</b>	Ingen

Utvalsleiar ønskte Rogaland Revisjon IKS velkommen og det blei tatt ein presentasjonsrunde.

### **FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:**

#### **SAK 13/21 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 18.05.21**

##### **Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval den 18.05.21 blir godkjent slik han ligg føre.

##### **Handsaming i kontrollutvalet 21.09.21:**

Utvalet hadde ingen merknader.

##### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 21.09.21:**

*Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval den 18.05.21 blir godkjent slik han ligg føre.*

## **SAK 14/21 PLAN FOR ORIENTERINGER FRÅ ADMINISTRASJONEN ELLER KOMMUNALE SELSKAP**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Tysvær kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering frå administrasjonen og/eller kommunale selskap:

4. møte 2021	.....
1. møte 2022	.....
2. møte 2022	.....
3. møte 2022	.....
4. møte 2022	.....
5. møte 2022	.....

Tidsramma vert sett til 30-40 min. inklusiv spørsmål. Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

### **Handsaming i kontrollutvalet 21.09.21:**

Medlemmene kom med innspel. Dei var samde i at dei ønska meir informasjon om Haugaland Næringspark (HNP), Karmsund Havn og Haugaland brann og redning. Utvalsleiar var oppteken av utfordringane for teknisk sektor og HNP. Rådmannen støtta framlegga, då dette var viktige selskap for regionen. Han meinte det hadde vore fint om ny kommunalsjef teknisk fikk presentert seg i same møtet som HNP blei invitert.

Utvalet trakk også fram Aksdal Næringspark AS og Tysvær Arena Drift AS som aktuelle og interessante selskap. Utvalsleiar gjorde framlegg om rekkjefølgje, og utvalet slutta seg til den.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 21.09.21:**

*Tysvær kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering frå administrasjonen og kommunale selskap:*

<i>4. møte 2021/</i>	<i>Haugaland Næringspark IKS og kommunalsjef teknisk.</i>
<i>1. møte 2022</i>	<i>Karmsund Havn IKS</i>
<i>2. møte 2022</i>	<i>Haugaland Brann og redning IKS</i>
<i>3. møte 2022</i>	<i>Aksdal Næringspark AS</i>
<i>4. møte 2022</i>	<i>Tysvær Arena Drift AS</i>

*Tidsramma vert sett til 30-40 min. inklusiv spørsmål. Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.*

## **SAK 15/21 KPMG AS - ETTERLEVINGSKONTROLL FOR REVISJONSÅRET 2020 - REVISOR SI ATTESTASJONSUTTALE**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Tysvær kontrollutval tar vedlagte attestasjonsuttale, dagsett 26.08.21 frå KPMG AS om etterleving om reglar og vedtak for økonomiforvaltninga for 2020 til orientering.

Tysvær kontrollutval ber rådmannen gje ei tilbakemelding til utvalet om oppfølging av revisor sitt brev nr 5 innan 01.01.22.

**Handsaming i kontrollutvalet 21.09.21:**

Sekretær hadde ikkje mottatt spørsmål i forkant til KPMG. I følge utvalsleiar var brevet tydeleg på kva som mangla opp mot berekning av samla sjølvkost.

Utvalet meinte det var viktig med rutinar for dokumentasjon og ønskte ei tilbakemelding. Dei hadde tru på at på dette vil komme på plass; ikkje berre i tilbakemeldinga, men også i praksis.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 21.09.21:**

*Tysvær kontrollutval tar vedlagte attestasjonsuttale, dagsett 26.08.21 frå KPMG AS om etterleving om reglar og vedtak for økonomiforvaltninga for 2020 til orientering.*

*Tysvær kontrollutval ber rådmannen gje ei tilbakemelding til utvalet om oppfølging av revisor sitt brev nr 5 innan 01.01.22.*

**SAK 16/21 ROGALAND REVISJON IKS – REVISOR SI ROLLE OG ANSVARSOMRÅDE - ENGASJEMENTSBREV**

**Sekretariatet si innstilling:**

Tysvær kontrollutval tek informasjonen frå Rogaland Revisjon IKS om revisor si rolle og ansvarsområde i engasjementsbrevet av 07.07.21 til orientering.

**Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 21.09.21:**

Revisor Deanne Kvammen viste til utsendt engasjementsbrev og ønskte å ta ei samla orientering under sak 18. Utvalet hadde ingen merknader til det.

**Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 21.09.21:**

*Tysvær kontrollutval tek informasjonen frå Rogaland Revisjon IKS om revisor si rolle og ansvarsområde i engasjementsbrevet av 07.07.21 til orientering*

**SAK 17/21 REVISOR SI EIGENERKLÆRING FOR 2021**

**Sekretariatet si innstilling:**

Tysvær kontrollutval tar den framlagde eigenerklæringa, dagsett 07.07.21, frå oppdragsansvarleg revisor Rune Haukaas og Silje Nygård, Rogaland Revisjon IKS til orientering.

**Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 21.09.21:**

Medlemmene hadde ingen merknader.

**Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 21.09.21:**

*Tysvær kontrollutval tar den framlagde egenerklæringa, dagsett 07.07.21, frå oppdragsansvarleg revisor Rune Haukaas og Silje Nygård, Rogaland Revisjon IKS til orientering.*

**SAK 18/21 ORIENTERING OM REVISJONSSTRATEGI FOR REVISJONSÅRET 2021**

**Sekretariatet si innstilling:**

Tysvær kontrollutval tar Rogaland Revisjon sin revisjonsstrategi 2021 for rekneskapsrevisjonen og presentasjon frå revisor om interimrevisjonen så langt i 2021 til orientering.

**Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 21.09.21:**

Revisor Deanne Kvammens orienterte om selskapet. Det er no eigd av 23 kommunar og fylkeskommunen. Dei er 27 tilsette, med 17 innan rekneskapsrevisjon, ni innan forvaltningsrevisjon og ein innan administrasjon. De to nytilsette vil ha kontor plass i Haugesund.

Ho gjekk gjennom regelverk, om kva som låg innafør planlegging av revisjonsstrategi, om vesentlegheitsgrenser, risikovurderingar og planlagt angrepsvinklar i 2021. Ho viste ein del nøkkeltal for Tysvær kommune. På spørsmål opplyste revisor at vektlegging av område var lik for alle dei nye kommunane.

Utvalsleiar takka for en fin presentasjon. Han meinte eit godt samspill mellom revisjon og administrasjonen lova godt for samarbeidet framover.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 21.09.21:**

*Tysvær kontrollutval tar Rogaland Revisjon sin revisjonsstrategi 2021 for rekneskapsrevisjonen og presentasjon frå revisor om interimrevisjonen så langt i 2021 til orientering.*

**SAK 19/21 BUDSJETTFRAMLEGG FOR 2022 – KONTROLLARBEIDET I KOMMUNEN - UTVALET SITT FRAMLEGG**

**Sekretariatet si innstilling:**

Tysvær kontrollutval gjer framlegg om eit samla budsjett for kontrollarbeidet i Tysvær kommune for budsjettåret 2022 men totalramme på **kr 1 330 000,- eks mva** fordelt følgjande:

Kontrollutvalet	kr 103 000
Kjøp av sekretariatsteneste	kr 220 000
Kjøp av revisjonsteneste	kr 1 007 000

**Handsaming i kontrollutvalet 21.09.21:**

Utvalet hadde merka seg den kraftige auka i revisjonskostandene, og meinte selskapet hadde uttalt at det ikkje ville bli vesentleg dyrare ved å bli medeigar, som ikkje såg ut til å stemme.

Revisor viste til at det vil bli fakturert etter nytta tid, ikkje fastpris, som tidlegare avtale. I overslaget var det lagt til grunn timetal tilsvarande kommunane i sørfylket. Utvalet og administrasjon uttrykte at med høgare pris hadde dei forventingar til kvalitet knytt til tenestene.

Utvalet slutta seg til budsjettframlegget slik det var lagd fram.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 21.09.21 og innstilling til kommunestyret:**

*Tysvær kontrollutval gjer framlegg om eit samla budsjett for kontrollarbeidet i Tysvær kommune for budsjettåret 2022 men totalramme på kr 1 330 000,- eks mva fordelt følgjande:*

<i>Kontrollutvalet</i>	<i>kr 103 000</i>
<i>Kjøp av sekretariatsteneste</i>	<i>kr 220 000</i>
<i>Kjøp av revisjonsteneste</i>	<i>kr 1 007 000</i>

### **SAK 20/21 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 21.09.21**

18. Statusrapport pr. august 2021
19. Løypemelding frå forvaltningsrevisor om prosjektet «Effektivisering»
20. KST -vedtak 15.06.21, sak 45/21 – Godkjenning av avtaler med Rogaland Revisjon
21. Krisesenter Vest IKS – protokoll frå representantskapsmøte 11.06.21
22. Haugaland Brann og redning IKS – protokoll frå representantskapsmøtet 24.08.21
23. Statsforvaltaren i Rogaland - Tilsynsrapport – grunnskuleopplæring for vaksne
24. FKT - medlemsinformasjon juni 2021

### **Handsaming i kontrollutvalet 21.09.21:**

Utvalet hadde ingen merknader til sakene.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 21.09.21:**

*Referatsakene nr 18– 24 blir tatt til orientering.*

### **EVENTUELT**

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

**Neste møte:** tysdag **9. november** 2021, kl. 18.00

**Saker:** Orienteringar frå selskap og kommunalsjef teknisk, forvaltningsrevisjonsrapport «Effektivisering», invitasjon om deltaking i felles forvaltningsrevisjon av Karmsund Havn IKS og møteplan for 2022.

Aksdal, 21. september 2021

Ola S. Apeland (sign.)  
kontrollutvalsleiar

Toril Hallsjø (sign.)  
Utvalssekretær